



KYSTVERKET

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår ref  
2022/3340-2

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
18.08.2022

## Fråsegn - Detaljregulering for Snekkevika - gbnr. 464/41- Alver kommune - Vestland fyke

Syner til brev av 24.6.2022 vedkomne ovannemnde.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av eit hytteområde med tilhøyrande uteareal, infrastruktur, naust og småbåthamn, samt at eit friluftsområde vert sikra. Planforslaget opnar for etablering av totalt 22 nye fritidsbustader.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket har vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia eller med navigasjonsinstallasjonar i området.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova. Planområdet som går ut i sjø ligg i kommunen sitt sjøområde og det er Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannsloven. Vi ber dykk ta dette med i føresegnene.

Med helsing

Ruben Vian Alseth  
Fung. avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766

